

## **Lokal forskrift om inntak til International Baccalaureate tilbudet i Hordaland fylkeskommune**

Heimel: Fastsett av fylkestinget i Hordaland 09.-10.12.2014 med heimel i forskrift til opplæringslova av 23.06.2006 nr. 724 § 6-2

### **§ 1 Formål og virkeområde**

- (1) Inntak til vidaregåande opplæring er generelt regulert ved lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) av 17.07.1998 nr 61 § 3-1, forskrift til opplæringslova av 23.06.2006 nr. 724, kap. 6 og lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling av læreplass i Hordaland fylkeskommune fastsett av fylkestinget i Hordaland 14.10.2014. Denne forskrifta regulerer inntaket til International Baccalaureate (IB) tilbudet i det offentlege skuletilbodet i Hordaland. Hordaland fylkeskommune tilbyr Vg1 studiespesialiserande med førebuaende IB (pre-IB) over eitt år og IB Diploma Programme, over to år.

### **§ 2 Språk**

- (1) Forskrifta ligg føre på norsk og engelsk. Ved tolkingstvil gjeld den norske versjonen.

### **§ 3 Vilkår for inntak til Vg1 studiespesialiserande med førebuaende IB (pre-IB)**

- (1) Vilkår for inntak til Vg1 pre-IB er at søkjaren har fullført norsk grunnskole eller tilsvarande. Sjå reglane i forskrift til opplæringslova § 6-13 for kva som reknast som tilsvarande og korleis det kan dokumenterast.
- (2) For å kvalifisere til inntak til pre-IB må søkjaren ha mist karakteren 4 i matematikk og engelsk, i tillegg til gjennomsnittskarakter på minst 4,5.

### **§ 4 Rekkefølge ved inntak til Vg1**

- (1) Dersom det melder seg fleire søkjarar enn det er elevplassar, skal elevplassane fordelast etter poengsum utrekna på grunnlag av forskrift til opplæringslova § 6-21. Karakterar frå andre utdanningssystem med annan karakterskala vert rekna om etter ei lineær omrekning, der karakterane frå anna karaktersystem vert vekta mot norsk karakterskala.

### **§ 5 Inntak til IB Diploma Programme**

- (1) Vilkår for inntak til IB Diploma Programme er at søkjaren har bestått Vg1 studiespesialiserande med førebuaende IB (pre-IB), Vg1 studiespesialiserande, MYP 5/Grade 10 frå IB eller tilsvarande.
- (2) For å kvalifisere til inntak til IB Diploma Programme må søkjaren ha minst karakteren 4 i matematikk og 5 i engelsk, i tillegg til gjennomsnittskarakter på minst 4,5.
- (3) Søkjarar kan verte bedne om å ta ei opptaksprøve dersom det er uklårt om søkjaren er kvalifisert.

### **§ 6 Inntak til 3IB**

- (1) IB Diploma Programme er eit kurs over to år med 2IB og 3IB. Det er ikkje ordinært opptak til 3IB, og elevar som er tekne inn på 2IB, kan fortsetta på 3IB. Elevar frå andre IB Diploma Programme «transfer-students» kan søkje inntak til 3IB. Avgjerd om inntak vert teken etter individuell vurdering, der karakternivå og fagsamansetning er sentrale moment.

### **§ 7 Søknadsfrist**

- (1) Søknadsfristen er 1. mars. For søkjarar som flyttar til Hordaland etter søknadsfristen, gjeld reglane i § 14 i lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring i Hordaland fylkeskommune av 14.10.2014.

### **§ 8 Søknaden**

- (1) Søknad skal sendast gjennom VIGO. Søkjarar som ikkje kan søkje gjennom VIGO, nyttar eige søknadsskjema.

### **§ 9 Ikraftsetjing**

- (1) Forskrifta tek til å gjelde 1. januar 2015.